




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2024-25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	3
2.1 Organisasjonen	3
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	4
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	5
3. Læringsmiljø	6
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	7
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	7
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	8
4. Skoleårsresultat	9
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	9
4.2 Karaktersnitt	11
4.3 Fråvær	12
4.4 Elevar som har slutta	12
4.5 Overgangar	14
5. Leiling og profesjonsutvikling	16

1. Rektor har ordet

Skuleåret 24 –25 hadde Herøy vidaregåande skule 246 elevar fordelt på følgjande utdanningsprogram: Bygg- og anleggsteknikk, Helse- og oppvekstfag, Naturbruk, Teknologi- og industrifag, Restaurant- og matfag og Påbygging til generell studiekompetanse. I tillegg hadde skulen deltakarar på vaksenopplæringa i programområdet HO med 17 deltakarar. Herøy vgs er også privatistiskule for Søre Sunnmøre. Mesteparten av opplæringa skjer i skulen sine egne lokale. I tillegg til at vi leiger kroppsøvinglokal med Herøy kommune, leiger vi også lokasjonar i Nørvågen til praktisk opplæring for Naturbruk. Dette fungerer godt. Bygningsmassen totalt sett har ulik standard. Tilstandsvurderingane for bygga viser at det er behov for nye lokasjonar. I denne årsmeldinga kommenterer eg resultat vi har oppnådd sett i lys av Fylkesstrategi for kvalitet i opplæring i Møre og Romsdal, skuleeigar sitt oppdragsbrev til Herøy vgs og vår eigen handlingsplan som byggjer på dei to føregåande dokumenta. Herøy vgs. er ein skule med stor breidde i tilbod innan yrkesfagleg opplæring. Vi ønskjer å utdanne ungdom i tråd med næringslivet og ungdomane sine ønskje. No ser vi at mange bransjar har behov for den arbeidskrafta ungdom representerer. Det er viktig at vi gir så god yrkesretteleing som mogleg og at opplæringa treff best mogleg elevane sine behov og også offentleg og privat næringsliv sine behov for arbeidskraft.

Resultata vert kommentert i årsmeldinga. Vi ønskjer å vere ein skule som treff elevane med relevant og god utdanning. Til dette treng vi kompetente og motiverte medarbeidarar. Vi legg også vekt på å vere ein arbeidsplass der fagleg utvikling er ein del av kvardagen for våre tilsette, slik at Herøy vidaregåande skule stadig vert betre rusta til å ta imot ungdomane som vel oss som utdanningsinstitusjon.

Tore Tangen
rektor

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen


Tal på årsverk pedagogisk tilsette	35
Tal på årsverk i leiarstillingar	5
Tal på årsverk andre tilsette	12

I pedagogisk personale er kjønnsfordelinga slik: 15 menn og 24 kvinner.

I andre tilsette er kjønnsfordelinga slik: 3 menn og 14 kvinner. I kategorien «andre tilsette» finn vi assistentar, merkantilt personale, og kantinepersonale.

Leiinga har slik fordeling: 2 menn og 3 kvinner.

Organisasjonskart Herøy vgs 24–25:



2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	7			7
Helse- og oppvekstfag	23	13		36
Naturbruk	14	24		38
Restaurant- og matfag	8	10		18
Teknologi- og industrifag	46	57		103
Påbygg til generell studiekompetanse			26	26
Total	98	104	26	228

Tal på elever med vedtak om særskilt språkopplæring	12
---	----

Herøy vidaregåande skule (HVS) tilbyr fem yrkesfaglege utdanningsprogram i tillegg til vg3 Påbygg til generell studiekompetanse. Elevane er jamt fordelt på dei ulike tilboda, men strukturen i vidaregåande skule og kjønnsrollemønster i samfunnet generelt gjer at tilboda er ganske kjønnsdelte. For HVS finn ein klar overvekt av jenter på HO-tilboda og klar overvekt av gutar på NA, TIF og BA. På RM er der meir jamn fordeling.

Det er god søking til dei fleste tilboda skulen har. Når det gjeld Bygg- og anleggsteknikk og Restaurant- og matfag arbeider skulen saman med næringslivet for å vise behova som er i regionen i framtida for å søke å auke søkinga til desse tilboda.

I tillegg til elevtalet oppgjeve i tabellen hadde vi 17 vaksne deltakarar på vaksenopplæring i vg1 og vg2 Helse- og oppvekstfag, organisert gjennom ressursenteret ved skulen.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	4,5%	11%	9,3%
0 - 25	11,2%	5,5%	3,0%
25 - 30	12,4%	9,9%	5,5%
30 - 35	16,9%	19,8%	11,5%
35 - 40	27%	22%	17,2%
40 - 45	18%	18,7%	21,7%
45 - 50	9%	8,8%	18,2%
Over 50	1,1%	4,4%	13,5%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Herøy vgs	37,8	38,0	38,8	35,5	37,1
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Tabellen viser at HVS har lågare inntakssum til vgs frå grunnskulen enn snittet i fylkeskommunen. 46,2% av elevane hadde eit karaktersnitt lågare enn 3,5. Dette seier noko om særleg teoretisk grunnkunnskap elevane kjem inn med. Vi ser likevel at mange elevar opplever god meistring når dei får starte på ei praktisk utdanning.

Tabell 2.3.2. viser at karakterutviklinga frå grunnskulen samla sett samanlikna med fylkesnivået. HVS ligg klart under her også.

Vi ser også ei utvikling med ei auke i elevar som har behov for særskilt språkopplæring etter at dei kjem frå ungdomsskulen. Det er store utfordringar knytt til å gi god og rask nok språkopplæring for denne gruppa.

3. Læringsmiljø

Læringsmiljø vg1-vg3

Velg skole og trinn

Enhet

Herøy vidaregåande skule


Trinn

Vg1



Snitt skår på læringsmiljø indikatorar for Herøy vidaregåande skule

Skoleår ● 2021-22 ● 2022-23 ● 2023-24 ● 2024-25



Læringsmiljø vg1-vg3

Velg skole og trinn

Enhet

Herøy vidaregåande skule

Trinn


Vg2



Snitt skår på læringsmiljø indikatorar for Herøy vidaregåande skule

Skoleår ● 2021-22 ● 2022-23 ● 2023-24 ● 2024-25

Til forsiden



[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Elevundersøkinga for 2024–2025 viser ein liten nedgang på fleire av måleområda samanlikna med året før for Vg1. Når det gjeld elevar på VG2 og VG3 er biletet stabilt og i positiv utvikling for skolen. Skulen arbeider med vurderingsarbeid, og vi ser nå ein positiv tendens på elevane si oppleving av vurdering for læring. Både støtte frå lærar, felles reglar og trivselen ser ut til å vere god blant elevane på VG2. Kva som gjer at elevane si oppleving styrker seg frå VG1 til VG2 er noko vi prøver å sjå på. Kva forventningar har elevane når dei startar på skulen? Er overgangen frå ungdomsskulen god nok? Fleire spørsmål arbeider vi med for å sjå på korleis vi kan styrke læringsmiljøet generelt og spesielt på VG1.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	4
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	2
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Herøy vgs. ønskjer at alle elevar skal oppleve skulemiljøet som trygt og godt. Alle tilsette skal arbeide med dette som målsetjing. Det førebyggjande arbeidet i klasserom og verkstad er det viktigaste arbeidet for å skape dette miljøet. Vi arbeider aktivt kontinuerlig med læringsmiljøet på skulen gjennom arbeidet i klassene, i elevråd, klasselærarmøter, leiarmøter osv for å styrke læringsmiljøet. Vi jobber med inkluderande praksis og legg særleg vekt på å tilpasse undervisninga til den enkelte sin ståstad. Likevel vert det kvart år avdekt utfordringar som elevane møter på. Skulen sine system rundt klassen og den einskilte eleven arbeider godt for å avdekke, undersøkje og sette inn passande tiltak.

Skulen har rutinar for å følge opp elevfråvær og har ei elevteneste som er aktivt med i ulike klasselærarmøter osb. Vi arbeider for å tidleg møte elevar som viser teikn på å ikkje ha eit godt læringsmiljø.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skoleutval	2
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	

Vi har eit aktivt elevråd som har arbeidd mykje med trivselstiltak gjennom skoleåret 2024/2025. Blant anna har elevrådet samla inn midlar for eigen skidag. Dessverre var ikkje snøen med, men midlane vart nytta til andre gode trivselstiltak på skolen. Elevane vert høyrde gjennom basisgruppemøter, elevråd osb. Elevrådet har samarbeida med skulen si leiing om avgangsmarkeringa, som for vår skule, vart gjennomført etter dei avtalar vi hadde gjort og i tråd med dei føringane ein hadde lagt. Elevane deltok i møter med KON der også avgangsmarkering var tema. Alle elevar får moglegheit til å svar på Elevundersøkinga. Dei elevane som treng støtte i gjennomføringa får dette av skolen si elevteneste. Nokre treng støtte til språk, mens andre kanskje med opplesing av spørsmål og litt forklaring av vanskelege ord. Det same gjeld gjennomføring av undervisningsevalueringa. Vi har som mål å auke opplevinga av elevmedverknad på skulen. Elevane si stemme i planlegginga er spesielt utfordrande å få med. Dette arbeider vi aktivt med.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024-25, prosent	93,6%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	100%			100%
Helse- og oppvekstfag	100%	76,9%		90,9%
Naturbruk	100%	100%		100%
Restaurant- og matfag	100%	100%		100%
Teknologi- og industrifag	91,1%	92,9%		92,1%
Påbygg til generell studiekompetanse			88,5%	88,5%
Total				93,6%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Herøy vidaregåande skule	90,9%	91,2%	90,0%	90,4%	93,6%
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	88,4%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Hovudoppdraget til vidaregåande skule er å få flest mogleg elevar gjennom opplæringa med fullført og bestått kompetansebevis/vitnemål. I handlingsplanen for Herøy vgs. har skulen som mål at minst 86% skal få fullført og bestått opplæring. For sist skuleår klarte

93,6% av elevane dette. Med så lågt snitt i inngangskaraktarar frå ungdomsskulen er dette eit høgt tal. Vi arbeider likevel aktivt for at endå fleire skal klare dette.

Det systematiske arbeidet med skolemiljø, ei aktiv elevteneste som er tett på elevar som kan vise teikn på høgt skolefråvær, godt vurderingsarbeid, samt motiverte elevar kan alle vere forklaring på den høge gjennomføringa ved skolen.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Bygg- og anleggsteknikk	3,92
Helse- og oppvekstfag	3,87
Naturbruk	4,34
Påbygg til generell studiekompetanse	3,57
Restaurant- og matfag	3,79
Teknologi- og industrifag	3,83

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Skriv inn navn på skole	3,85	3,92	3,85	3,79	3,83
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

4.2.3 Skolen sine kommentarer og analyse

Karaktersnittet på Herøy vgs ligg under fylkesgjennomsnittet. Dette er ikkje overraskande med tanke på at vi i hovudsak har yrkesfaglege studieretningar og inntakskarakterande i snitt også ligg tilsvarende lågt. Når vi ser på enkeltprogram ser vi at nokre linjer har høgare snitt. Dette gjeld dei blå linjene våre der konkurranse om plassane er relativt stor.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt			
Vg1	9,7	22,3	7,4%
Vg2	9,5	19,7	7,0%
Vg3	5,5	22,0	10,7%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Skriv inn namn på skole	3,1%	3,4%	7,3%	7,8%	7,6%
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet skuleåret 24-25 ligg omtrent på fylkessnittet, men vi synes likevel det er noko høgt. Skulen jobbar aktivt med å auke nærværet og har gjennomføring som eige satsingsområde. Vi håper å sjå resultat at dette arbeidet inneverande skuleår. Det kan sjå ut til at utfordringar rundt skulefråvær er ei utvikling som krev fokus og tverrfagleg innsats i vidaregåande skule, men også langt nedover i grunnskulen.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skuleåret 2024-25

Prosent	Tal
2,3%	5

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent


	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Herøy vgs	3,4%	1,9%	3,1%	5%	2,3%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fem elevar slutta ved Herøy vgs. skuleåret 24-25. Årsakene er varierte (permisjon, fått seg arbeid, personlege årsaker og høgt fråvær). Skulen nyttar mange tiltak for å prøve å unngå eit avbrot, men når det ikkje er til å unngå sikrar vi eleven i avklaringsmøte der OT er med, slik at eleven ikkje skal gå ut i ukjend aktivitet.

Arbeidet til skulen med tidleg innsats ser ut til å senke andel elevar som sluttar. Dette er vi nøgd med og vil arbeid vidare med. Målet er å vere tett på elevane slik at andelen som sluttar vert så lågt som mogleg.

4.5 Overgangar



HVS har eit godt samarbeid med ungdomsskulane i regionen. I samband med yrkesorienteringa deltek avdelingsleiarar og rådgjevingstenesta aktivt opp mot særleg 9.klassingar og 10.klassingar. Dette gjeld både for open dag, karrieredagar, hospiteringsdagar, føresettemøte for 10.klasseføresette og andre avtalar som vert gjort. Skulen og PPT har også møte med rådgjevingstenesta / leiing på ungdomsskulane. I overgang frå vg2 til vidare utdanning skjer det mykje godt arbeid i faget YFF. Elevane får prøve ut faget sitt i praksis i ulike bedrifter; dette er også god førebuing til ev. lærekontraktar. Vi ser at dei elevane som mest vel vg3 Påbygg kjem frå HO. Elevane frå TP, RM og NA er dei programområda som sender flest elevar ut i lære (sjå figur over). Skolen har eigen tilsette som arbeider med formidling til læreplass i samarbeid med Opplæring i bedrift. Så langt ser vi at med tett oppfølging og bistand klarer vi å rekruttere

fleire elevar til læreplass eller lærekandidatplass. Dette er eit svært viktig arbeid som sikrar at elevar etter avslutta VG2 ikkje vert ståande utan tilbod. Det er viktig at fylkeskommunen i framtida prioriterer dette arbeidet.

5. Leiing og profesjonsutvikling

HVS har faste møtestrukturar som set kjerneverksemda på dagsorden:

- Faste leiarmøte kvar veke der driftsteknikar er med jamleg
- Fellesmøte to gongar pr mnd. der heile personalet eller pedagogisk personale tek opp aktuelle saker, også knytt til skuleutvikling
- Områdemøte ca. ein gong i månaden der avd.leiarane møter tilsette på sitt programområde
- Felles møtedagar der vi finn rom for det, med fordjuping i pedagogiske tema og satsingsområde i handlingsplanen vår.
- I orienterings- og drøftingsmøte og i AMU er det stor takhøgde for at alle kan løfte fram tema ein ønskjer å fremje.

Leiardialogen to gongar i året med skuleeigar opplevast som ein positiv arena. Eit blikk som ikkje står i den daglege drifta set i gong refleksjonar som er konstruktive.

Dette skuleåret har vi ein lærar i vidareutdanning. Vi ønskjer sjølvsagt kompetente medarbeidarar som kan vere med å løyse dei oppgåvene som er viktige for oss. Tre lærar avslutta PPU-Y våren 2024. To lærarar fullførte si vidareutdanning med 15 studiepoeng i programmering/koding. I tillegg til dette deltek personalet i fagdagar og nettverksmøte initiert av skuleeigar.

Leiinga arbeider tett i dagleg drift og i fast møtestruktur. I tillegg deltek ein på skuleeigar sine leiarsamlingar gjennom året, jf. Fylkesstrategi for kvalitet.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no